



Innkalling av Næringsfondsstyret

Møtedato: 07.06.2022
Møtestad:
Møtetid: 10:00 - 10:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|----------------|---|
| 005/2022 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 006/2022 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 007/2022 | Orienteringssaker |
| 008/2022 | Næringsfondet-søknad om tilskot til prosjekt for smalband dekning for sporing av beitedyr i Stølsheimen |

30. mai 2022

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

| | | |
|-------------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
| Anneli Vatle Lilletvedt | FE-033 | 22/142 |

| | | | |
|---------------|--------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 005/2022 | Næringsfondsstyret | PS | 07.06.2022 |

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------------|--------|------------|
| Anneli Vatle Lilletvedt | FE-033 | 22/142 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|--------------------|------|------------|
| 006/2022 | Næringsfondsstyret | PS | 07.06.2022 |

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------------|--------|------------|
| Anneli Vatle Lilletvedt | FE-033 | 22/142 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|--------------------|------|------------|
| 007/2022 | Næringsfondsstyret | PS | 07.06.2022 |

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

| | | |
|----------------------|--------------|-------------------|
| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
| Laila Bjørge | FA-V06 | 22/109 |

| | | | |
|---------------|--------------------|-------------|-------------|
| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
| 008/2022 | Næringsfondsstyret | PS | 07.06.2022 |

Næringsfondet-søknad om tilskot til prosjekt for smalband dekning for sporing av beitedyr i Stølsheimen

Forslag til vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr: 130 000 i tilskot til Søre Steinsland beitelag til prosjekt Smalband dekning for sporing av beitedyr i Søre Steinsland beitelag. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Vilkår for utbetaling:

- 1. Fellesprosjektet vert fult finansiert og kjem i gang.**
- 2. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.**
- 3. Før utbetaling skal mottakar ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapen skal vere attestert av rekneskapsførar.**
- 4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlaup av fristen.**
- 4. Tilskot kan krevjast attende betalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksending i dette tidsrommet.**

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søre Steinsland beitelag søker på vegne av fleire beitelag om kr 130 000 i støtte til eit felles prosjekt for beitelag i kommunane Modalen, Vik og Vaksdal. Målet med prosjektet er å utbetre signaldekning og sikre elektronisk overvaking av beitedyr i Stølsheimen fjellområdet. Med dette reduserer ein tap av dyr og får betre oversikt over bevegelses mønster til dyra.


Heile prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 3 022 746. Det er søkt midlar hjå Vestland fylkeskommune, næringsfondet i Vik og Modalen og i tillegg statlege investeringsmidlar som kommunane forvaltar. Eigenkapital og eige arbeid er sett til kr. 562 746,-

Det skal plasserast ut 12 signalforsterkarar for smal-band system, jamt fordelt i området. Kring 1000 radiobjøller av type Telespor Gen4+ skal festast på beitedyra og ein kan soleis dagleg følgje med på kvar dyra går, evt. få varsel om det er problem.

Frå søknaden: Bakgrunn og behov for prosjektet: Det er vel 10 000 småfe (nesten 4000 sau og 6500 lam) og ein del storfe som beiter i fjellet i Stølsheimen. Desse dyra er organisert i 7 beitelag og bøndene kjem frå områda rundt Stølsheimen og frå Nordhordland. Stølsheimen går over 3 kommunar og det er eit stort landskapsvernområde. Ein utnyttar naturressursar på ein veldig god måte når ein lar husdyr beite på fjellet. Ein produserer høgverdig, proteinrik mat til menneska av plantar som ikkje har verdi for oss direkte.

Dei siste 10 åra har ein teke i bruk meir og meir elektronisk sporingsutstyr for å halde betre oversikt over kvar sauene går i beiteområdet og ein oppdagar fortare om det er noko gale eller urolegheiter. Sett litt på sikt er dette gode hjelpemiddel for å redusere tapstal av dyr på beite. Prosjektet vil etablere ei vaktordning etter modell frå Trøndelag og stifte Stølsheimen radiobjølle lag som vil drifta, og administrera system. Bønder kan leiga bjøller for kvar sesong og det vert mindre kostnad og arbeid på den enkelte bonde.

I Stølsheimen har beitelaga lenge ynskja seg meir bruk av elektronisk sporingsutstyr men det er for dårleg telefondekning i området. Ein treng (god) telefondekning for å kunne ta i bruk radiobjøller av type Telespor; den ledande leverandøren på marknaden. Desse såkalla radiobjøller fester ein på halsbandet til sauene og den sender ei melding med posisjonen til ein app på telefonen



Dei kvite felt er utan den dekninga som ein treng for radiobjølla. Det er kun langs vegane i Modalen, Eksingedalen og riksveg 13 over Vikafjellet at Telenor har sendingsmaster og ein har dekning. Men topografien i Stølsheimen gjer at signal frå desse mastene ikkje går så langt.

No er det kome mobil 4G (og snart 5G) system som kan nytte «smal-bands data» (LTE-M og NB-IoT). Desse signala rekk mykje lengre enn vanlege signal for mobiltelefonar. Dei nyaste Telespor sine radiobjøller Gen4+ kan nytte desse type signal. Radiobjøllene som kan nytte denne smal-bands datateknologien kan altså sende posisjonsmeldingar der det ikkje er vanleg mobiltelefon dekning. Sjølv om desse smal-band signal har ei lengre rekkevidde enn vanlege signal er det framleis for dårleg dekning i store delar av Stølsheimen..

For å få smal-band dekning i heile Stølsheimen treng ein å plassere ut eigne sendingsmaster, lengre vekk frå veg. Desse sendingsmaster har Telespor utvikla og er tilpassa radiobjøllene Gen4+. Sendaren er på storleik med ein boks på ca. 30 x 30 cm og eit solcellepanel med stativ, som forsyner sendaren med straum. Behovet for beiteområdet i Stølsheimen er å få dekning i heile området slik at ein kan overvake beitedyra på ein best mogleg måte. Styret for landskapsvern område har gitt løyve til å plassera ut desse sendingsmastene, og det skal gjerast avtalar med grunneigarane.

Vurdering

Næringsfondet er eit verkemiddel for å fremja og styrka næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. I strategisk næringsplan 2017-2021 er eit fokusområde at ein skal leggja til rette for næringar som byggjer på lokale naturressursar. Auka produksjon i landbruket er eit av fleire tiltak som er nemnd.

Kommunestyret vedtok i møte den 7.april.2011 nytt regelverk for landbruket i Modalen i ein 5 års periode. Denne har seinare vorte forlenga fram til 2022.

Føremålet med ordninga er å leggja til rette for å styrkja landbruksdrifta i Modalen, og ordningane skal medverka til: Oppgradering og fornying av driftsapparat, som kan bidra til kostnadsreduksjon og betre lønnsemd. Nyare utstyr som kan gje betre arbeidsmiljø og positiv helsegevinst. Stimulera unge/nye brukarar til å driva gard.

Dette er eit samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensar, som det kan vera positivt at Modalen deltek i. Det er søkt næringsfondet i Modalen om kr 130 000, som utgjer 4,3 % av finansieringa.

Eit av måla i den nasjonale landbrukspolitikken er betre nytting av beiteareal i inn- og utmark. Beiting i utmark gjer at ein kan ha eit større dyretal og at det kan produsera mat av høg kvalitet på ressursar som berre beitedyr kan nytta.

Resultatet ein kan oppnå med dette prosjektet er å redusere tap av dyr på beite og skaffe meir informasjon om bevegelses mønster av dyra i fjellet. Ein oppnår òg enklare sanking av dyra om hausten. Dette prosjektet kan bidra til å redusera tidsbruken til enkelte bonde på sanking og tilsyn og dermed bidra til betre lønnsemd.

Det norske samfunnet er oppteken av god dyrevelferd, og prosjektet kan bidra til at det vert mindre tap av dyr på fjellbeite. Bonden vil få varsel på telefon dersom dyret vert liggande for lenge i ro t.d. p.g.a. sjukdom eller skårfeste. Dette vil vera positivt for gardbrukaren, fordi mange kjenner det som ein stor belastning når dyr vert vekke i fjellet og brukar mykje tid på å leita. Mindre tap vil og gje betre lønnsemd.

Både landbruket og beitelag slit med rekruttering og ny teknologi som lettar arbeidet kan vera ein viktig motivasjon for ungdommar som ynskjer å gå inn i landbruket.

Litt av utfordringa med den nye teknologien er at dei ulike beitelaga brukar ulike system i dag. Nokre brukar telespor som nyttar mobilnett, medan andre brukar GPS bjøller som går på satellitt. Sist nemnde er omtrent dobbelt så dyre som radiobjølla. Dersom prosjektet vert realisert og etter kvart utbygd til å gjelda endå større område er det ein moglegheit for alle beitelaga å bytta over til denne teknologien.

Det er 3 bønder frå Modalen som er medlem i beitelag. Desse er førespurd om kva nytte dei vil ha av prosjektet. Ein har svart: *Eg ser absolutt at prosjektet åpner muligheten for bedre kontroll og dekning for mine søyer i Modalsfjella dersom Telespor er det alternativet som om to til tre års tid har det beste produktet.* Han vil ikkje få direkte nytte av det på noverande tidspunkt fordi han brukar anna teknologi, men ser det som ein moglegheit i framtida.

Kommunen fordeler statlege midlar til ei ordning som heiter Investeringar i beitefelt. Dette året er det søkt om tilskot frå fleire av beitelaga til innkjøp av radiobjøller og det er gitt kr 64 800 til tre beitelag gjennom denne ordninga.

Ringverknader

Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert fjell- og fjordlandskap med lite tekniske inngrep. Samtidig skal området kunne nyttast til landbruk, jakt- og friluftsliv. Det er sagt i søknaden at både turfolk og turistforeininga kan ha nytte av Ranger Tracker systemet når dette er testa ut.

Ein del av identiteten til Modalen er knytt til stølar og stølsvollar, og beiting vil vera eit viktig tiltak for å motverka attgroing av dette landskapet. Beitekartleggjar Yngve Rekdal i Nibio gjorde i 2019 ei kartlegging av mellom anna beiteområde Beinhelleren. Han skriv: *Utmarka er ikkje noko eins fôrgrunnlag anten ho ligg høgt eller lågt. Naturtypar og beitekvalitet varierer med berggrunn, topografi og klima. **Skal dagens landskap haldast i hevd, krevst god kultivering av utmarka, høgt dyretal og lang beitesesong, seier han.*** (<https://www.nibio.no/nyheter/fjellbeitet-er-viktig-for-vestlandsbonden>)

Beiting kan vera eit viktig klimatiltak og det vert forska på om beiting gjev meir karbon lagring i jorda. Opne gras og beitemarker reflekterer mindre stråling tilbake frå jorda enn område som er attgrodd (Albedo). Alebedoeffekten bidreg til klimaendringar, men ein veit ikkje kor stort dette bidraget er.

Konklusjon

Prosjektet kan bidra til redusert tap av dyr på beite, betre dyrevelferd og letta tilsyn og sanking for bonden. Vidare kan det bidra til å halde oppe eller auke beitebruk i utmark og skjøtsel av kulturlandskapet i Stølsheimen. Der er også svært positivt med samarbeid mellom beitelaga på tvers av kommunegrensene. Direkte nytte for bønder i Modalen er at prosjektet gir ein moglegheit til å nytta denne teknologien.

Beiting er viktig skjøtseltiltak i Stølsheimen og prosjektet vil bidra til å oppretthalda den aktiviteten som er i dag, og kanskje og bidra til rekruttering til beitelaga. Både innbyggjarane i Modalen og tilreisande som nyttar området som turområde vil ha glede av at området vert beita. Eit godt skjøtta landskap kan gjera Modalen meir attraktiv som reiselivsdestinasjon.

Rådmannen rår til at det vert gjeve kr 130 000 i tilskot til prosjektet.

Vedlegg:

Næringsfondet